



REGLER FOR UTLEIE AV KLUBBHUSET

1. Sveio Golfpark AS (SG) eig klubbhuset "Birdie". "Birdie" brukes av Haugaland Golfklubb som sitt klubbhus. Når lokalet ikkje vert nytta av Haugaland Golfklubb, kan SG leiga lokalet ut til andre leidgetakrar. Leidgetakar kan nyttaselskapsloka- let (inkludert lyd og audiovisuelt utstyr), ikkje simulatorrom og lærarrom, kjøkkenet (med alt utstyr) og WC/garderobar.

2. Fylgjande satsar (inkludert straum) gjeld for leige av lokalet:

- Leige av lokalet til møterom på dagstid: kr 2.500 inkl vask
- Leige av lokalet som selskapslokale på dags- og kveldstid kr 3.250 inkl vask
- Leige av lokalet som selskapslokale på kveldstid og helg er kr 5.000 inkl vask
(kr 4.000 inkl vask for medlemmer i Haugaland Golfklubb)

3. Leidgetakar skal rydda lokalet etter bruk, vaska alle kjerald som er nytta (ref. eigen instruks for bruk av oppvaskmaskin) og gjera reint på kjøkenet og gjera resten av lokalet klart for vasking. SG har avtale med reingjeringsfirma som sørger for vasking av lokalet etter bruk. Leidgetakar vert fakturert kostnaden med slik reingjering.

4. Kjøkkenet er ikkje utstyrt for/har ikkje løyve til lokal tilbereiing av mat.

5. "Birdie" har ikkje skjenkeløyve for alkohol og Leidgetakar må retta seg etter dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld for skjenking i Sveio Kommune.

6. Leidgetakar må dekka evuelle skader på hus og inventar som er forårsaka av Leidgetakar eller nokon han har gjeve tilgang til lokalet.

7. Leidgetakar skal gjera seg kjent med gjeldande brannplan for "Birdie", likeeins gjera gjestene kjent med same og utvisa aktsemd i all omgang med brannfarleg materiale. Det er forbode å røykja i "Birdie".

8. Når lokalet vert forleie skal lys og komfyrrar vera sløkte, ventilasjon regulert til normal modus, sikringsalarmer kopla inn (ref. eigen instruks), alle vindauge lukka og ytterdører låste. Nøkkel skal leverast i proshop (etter stengetid i dørluka).

Sveio, 23. mars 2023 Sveio Golfpark AS